



# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for september 2011.

Distrikt 2305  
Klubbnr. 12713

Årgang 47



Møtedag:	Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad:	Klubbhuset til Hareid IL, 6060 Hareid.
President:	Magnar Hatløy
Visepres:	Anders Riise
Sekretær:	Arne G. Aschehoug
Kasserar:	Johs. J. Hareide
Past pres:	Vigdis Riise
Styremedlem:	Karin S. Holstad
Styremedlem:	Jarle Kristiansen
Ansv.red.:	Aage Nytun
Referent:	Johan Ole Brandal

## Fødselsdagar i september:

Johs. J. Hareide	16. sept
Oddvar Haugen	18. sept
Ingår Bigset	25. sept
Kirsti H. Øvrelid	30. sept

## Tonen

Det som du ikkje fekk seie med ord,  
løyste seg stundom med song,  
målet som femner om himmel og jord,  
stilte din djupaste trøng.

Tonen var med deg i livsens leik  
som fulltru fylje og ven,  
tonen var med i den verste kneik  
og hjelpte deg over den.

Tonen var med på den høgaste tind,  
fylte din hug og sans,  
harpene bivra i høgfjellsvind  
oppe i Tabors glans.

Men under låg dalen så tung og trøng,  
og veggen din han gjekk der,  
så bar det til dals att med song, med song,  
og så fekk du dalen kjær.

For harpa frå høgda var med, var med,  
tindrande rein og klår,  
som fjellbekken fylgte ho lia ned  
og klang gjennom dagar og år.

Og kjem du til osen av livsens elv  
og kvelden er mild og blå,  
då høyrer du nye akkordar skjelv  
endelaust langt ifrå.

*Henrik Straumsheim*

**Søndag 04.09** var det annonsert hausttur til Vaksika, med besøk på gardane Annsok og Kleberg, med Otto Holstad som turleiar.

Dessverre vart det for lite påmelding slik at turen blei avlyst.

Desse gardane er utan tvil vel verdt eit besøk, og vi vonar at vi kan få høve til å ta turen ved eit anna høve.

**Måndag 05.09.11** var det dugnad på Rotarystien. Inger Bigset var ansvarlig.

Dessverre møtte berre ein handfull medlemmar til denne dugnaden, men til gjengjeld gjorde desse ein kjempeinnsats.

**Måndag 12.09.11** var det programfritt.

Denne dagen var det kommuneval i Noreg, noko frammøte bar sterkt preg av.

**Måndag 19.09.11** var det bedriftsbesøk hos Ulmatec / Stromeck på Hareid. Direktør i Ulmatec og mangeårig medlem i Hareid Rotary, Håvard Myrene stod for presentasjon og omvisning.

Stromeck på Hareid held til i Strandgata 25, på Hareid, der Nor / Ulstein Nor og Rolls Royce i si tid var. Her er store og gode produksjonslokale, som saman med den planlagde og påbegynte djupvasskaia vil legge til rette for store serviceoppdrag for Offshore industrien.

Bedrifta ser føre seg store og krevjande oppdrag med oljeplattformer og liknande. Det ligg føre store utbyggingsplanar for Stromeck Hareid, der djupvasskaia og store uteområde saman med ein moderne verkstad og nytt administrasjonsbygg vil vere viktige suksessfaktorar.

Bedriftsbesøket byrja med ein presentasjon av Stromeck Hareid og konsernet Ulmatec, og avslutta med omvisning i verkstadhallen. Ulmatec rettar seg mot den maritime marknaden og er organisert i tre hovudfelt, nemlig Energy Efficiency, Marine Tools og Service, med sine respektive underbedrifter. Konsernet er i sterk vekst og satsar både nasjonalt og internasjonalt.

For Hareid er satsinga på moderne verkstadindustri eit kjærkome tilskot til det eksisterande næringslivet i kommunen. For Stromeck er lokala og utbyggingsmogelighetene på Hareid sentrale i planane om å bli ein stor aktør innanfor Offshore Serviceverksemd. Vi takkar for presentasjon og omvisning, og ynskjer lukke til vidare.

**Måndag 26.09.** var vi på besøk hos Hareid folkebibliotek der forfattar for boka Camorraland, Mariangela Cacace presenterte boka. Dette var historia om den unge halvt Norske og halvt Italienske jenta som etter mange ferieopphald hos familien i Napoli elskar det sorglause livet der, i sol og varme. Etter avslutta vidaregåande skule i Noreg gjekk ferda til Napoli, for ferie og meir studie. Det skulle etter kvart vise seg at Mariangela Cacace skulle få eit langt meir nyansert syn på det gode liv i Napoli.

Napoli er nemlig ein av verdas mest kriminelle byar, der livet i stor grad blir styrt av den mektige Camorra mafiaen, som er delt inn i ca 70 mafia klanar. Utpressing, mord og ran er dagligdags i Napoli. Glansbilete av den sorglause feriebyen slo etter kvart kraftig sprekker, og ho begynte å fatte ei journalistisk interesse for fenomenet. Gradvise gjekk det opp for henne at mafiaen styrtet det meste i denne byen der det i snitt er drap kvar 3. dag. Det andre som forundra henne var at ingen såg ut til å bry seg. Etter ei tid forstod ho at det var frykta som hindra den vanlige Napoliborgar i melde frå til politi og andre styresmakter. Ingen legg seg ut med mafiaen utan risiko! Eit tredje moment var at det oftast er fanychtes å melde frå til styresmaktene, ettersom korruptionen gjennomsyrer politikarar, politi og påtalemakt.

Det var idet heile eit svært skrämande og dysterte bilde forfattaren teikna av den flotte byen ved Middelhavet. Mariangela Cacace er 30 år, og gav i år ut boka "Camorraland – et skremmande bilde av et system som infiltrerer alt og alle i samfunnet".

Det trauste og kjedelige livet heime i Norge virka ikkje lenger så trist og kjedelig, men trygt, velordna og langt meir attraktivt.